



Stranda
kommune

DER FJORD, FJELL OG MOGLEGHEITER MØTEST



Kjære innbyggjarar og besøkjande

HER MØTEST FJORDEN OG FJELLA, MENNESKE OG MOGLEGHEITA

Det er ei glede å ynskje dykk velkomen til Stranda kommune, ein stad der meininga med livet kjem nærare naturen. Med djupe fjordar, majestetiske fjell og ein rik kulturarv er Stranda ein unik plass som vi med stoltheit kallar heimen vår.

Som ordførar er eg stolt over å kunne vise fram den varierte og vakre kommunen vår. Her finn du nokre av dei mest spektakulære naturopplevingane Noreg har å by på. Enten du er her for å nyte friluftslivet med fotturar i Sunnmørsalpane, ta ein tur langs fjorden eller oppleve verdsarvområdet Geiranger, vil du finne noko som grip deg og gir deg varige minner.

Men Stranda er meir enn berre storslått natur. Vi er ein kommune med levande lokalsamfunn, driftige næringsliv og eit sterkt engasjement for framtida.

Våre innbyggjarar er vårt største aktivum, og saman jobbar vi for å utvikle eit samfunn som er godt å bu i for alle, uansett alder eller bakgrunn. Vi har eit mangfald av aktivitetar, tilbod og tenester som gjer at du kan leve eit rikt og meningsfullt liv her i Stranda.

For dei som kjem på besøk, vonar eg at de vil ta del i det rause vertskapet vårt. Ver ikkje redde for å slå av ein prat med lokalbefolkninga – her vert alle møtte med eit smil og ein open invitasjon til å oppleve alt det vakre og spanande kommunen vår har å by på.

Til alle dykk som allereie bur her, eller vurderer å flytte til Stranda, vil eg seie: Vi er eit fellesskap som hegnar om kvarandre og verdiane våre. Samstundes er vi framoverlente og opne for nye idear som kan gjere Stranda endå betre.

Velkomen til Stranda – her møtest fjorden og fjella, menneske og moglegheiter. Vi ser fram til å utvikle kommunen vår saman med dykk, og vi gler oss til framtida!

Med venleg helsing,

Einar Arve Nordang

Ordførar i Stranda kommune



Geiranger Foto: Tomas Hagen



Stranda



Geiranger Foto: Tomas Hagen



BYGDENE VÅRE

STRANDA

Stranda er administrasjonssenteret i kommunen og er kjend for Strandafjellet skisenter, ofte omtalt som «Powder Paradise». Her finn du eit av dei beste frikøyringsområda i Skandinavia, med heisar som tek deg frå fjord til fjell. Stranda har også eit sterkt næringsliv, der matindustrien står sentralt. Orkla produserer Grandiosa her, og kommunen er blant landets største produsentar av spekemat.

GEIRANGER

Geirangerfjorden er eitt av dei mest kjende reisemåla i Noreg og står på UNESCO si verdsarvliste. Dei ikoniske fossane Dei sju systrene, Friaren og Brudesløret renn ned dei bratte fjellsidene, og fjordcruise eller kajakk-turar gjev deg ein spektakulær utsikt til den uberørte naturen. På land kan du utforske utsiktspunkt som Dalsnibba og Flydalsjuvet, besøke Norsk Fjordsenter eller oppleve historiske fjellgardar som Skageflå.

HELLESYLT

Hellesylt ligg ved Sunnlyvsfjorden og er kjend for sin imponerende Hellesyltfoss, som renn gjennom sentrum. Bygda har ei rik historie knytt til turisme og kultur, og her finn du Peer Gynt-galleriet, som viser treskjerarkunst inspirert av Henrik Ibsen. Hellesylt er også utgangspunkt for turar innover fjellet, mellom anna til Norangsdalen, ei av Noregs mest naturskjønne dalar. Om sommaren kjem mange cruisebåtar innom Hellesylt på veg til Geiranger.

LIABYGDA

Liabygda er ei mindre, men naturskjønn bygda med flott utsikt over Storfjorden. Her finn du solrike gardsbruk, gode turmoglegheiter og fine stiar for stisykling. Fjellområdet rundt Liahornet byr på vakker natur og panoramautsikt. I bygda ligg også fleire nedlagde fjellgardar, og historia til desse er dokumentert i bøker skrivne av forfattaren Sakarias Ansok, som sjølv vaks opp her.



Hellesylt med den kjende Hellesyltfossen. Foto: Arne Inge Tryggestad




Oversiktbilete, Liabygda

TRADISJON OG NYSKAPING

DER MATTRADISJON, INDUSTRI OG REISELIV MØTEST

Med sterke mattradisjonar, ei leiande næringsmiddelindustri og eit variert næringsliv innan bygg, møbelproduksjon og mekanisk industri, er kommunen ein viktig bidragsytar både lokalt og nasjonalt.

Samtidig gjer den storslåtte naturen og verdsarvstatusen Geirangerfjorden til ein magnet for turisme, som gir grunnlag for vekst og utvikling i reiselivsnæringa.






Foto: Thomas Hagen



Foto: Dreamstime

EIT VARIERT NÆRINGS LIV

Sjølv om Stranda er mest kjend for næringsmiddel-industrien, har kommunen eit breitt næringsliv med verksemder innan mekanisk industri, bygg- og anleggsbransjen, turisme og handel.

Turisme er ein annan viktig del av næringslivet, der Geirangerfjorden trekkjer til seg tusenvis av besøkande kvart år. Med verdsarvstatus og storslått natur har reiselivet i Stranda stor betydning for både sysselsetjing og verdiskaping i kommunen.

SPEKEMAT OG TRADISJONSRIK MATPRODUKSJON

Stranda kommune er kjent for sine sterke mattradi-sjonar og har lange røter i produksjon av spekemat og

kjøtprodukt. Kommunen er den største produsenten av spekemat i Noreg, med verksemder som Grilstad AS avd. Stranda, Tind Spekevarer AS og Ole Ringdal AS, som har bygd opp ein solid nasjonal marknad.

I tillegg produserer Orkla Foods Norge den populære Grandiosa-pizzaen i Stranda. Produksjonen startet i 1980, og i dag produseres det rundt 35 millioner pizzaer årlig ved anleggene i Svemorka og Sløgstad.

FISK OG SJØMAT AV HØG KVALITET

Stranda har òg ei sterk forankring i sjømatnæringa, med Norsk Sjømat AS som ein av dei største foredlarane av laks og aure i Noreg. Gjennom Norsk Sjømat-gruppa, som

Svemorka industriområde.

Dronebilete: Einar Arve Nordang

Stranda

www.stranda.no



inkluderer Vital Seafood AS, blir biprodukta frå fiskeindustrien utnytta til olje- og mjølproduksjon, noko som sikrar ein berekraftig prosess der heile råvara vert nytta.

For dei som vil ha spesialitetar, tilbyr småskala- produsentar som Skarbø Gard og Gardskjøkkenet AS eksklusive produkt basert på lokale råvarer.

BRYGGERITRADISJON OG LOKAL MATGLEDE

Stranda har òg lange tradisjonar innan brygging, med lokale bryggeri som Trollbryggeriet AS og Geiranger Bryggeri AS, som produserer handverksøl med inspirasjon frå fjordlandskapet og lokale smakar.

I tillegg til industriproduksjon finn ein òg eit aktivt lokalt matmiljø der småprodusentar, lokalmatfestivalar og arrangement løftar fram matglede og tradisjonar.

LANDBRUKET - EIN BEREJDELSE FOR LOKALSAMFUNNET

Stranda er ein av dei største geitemjølprodusentane i Noreg, og kommunen har eit av dei største geitefjøsa i landet. Mange bønder driv med geitehald, medan andre har fokus på mjølk og kjøtproduksjon frå storfe. Landbruket spelar òg ei viktig rolle i å oppretthalde det særprega kulturlandskapet i kommunen.

Gjennom spesialutvikla tilskottsordningar knytt til verdsarvområdet, blir det lagt til rette for at kulturlandskapet blir teke vare på for framtidige generasjonar.



Slåttarbeid. Foto: Svein Lunde



«Kulturlandskapsarbeidarar» i Høgebakkane på Gjørva, Geiranger. Foto: Inge Bjørdal




Ekte vare – frå jord til bord

Ost, most og sider frå Stranda







SKARBØ

GARD

skarbogard.no



En småskala familiebedrift som fokuserer på å foredle ørret på den tradisjonelle måten



Fausadalen 6200,
Stranda, Norway
+47 920 61 090



Vi løyser alle utfordringar



BYRG Kompetanse AS er ei produksjonsbedrift for menneske som har behov for ein tilrettelagd arbeidsplass. Vi er lokalisert på Stranda og i Sykkylven. BYRG utfører delproduksjon på vegner av kundar, men har også totalansvar for kundars verdikjede, frå bestilling, mottak, bearbeiding og utsending.



Varig tilrettelagd arbeid (VTA)

Tiltaket er retta mot personar som mottok uføretrygd, men som gjennom restarbeidsevna kan arbeide ved hjelp av tilrettelegging og god oppfølging. Personar på VTA-tiltak arbeider med ulike produksjonsoppgåver. Arbeidsforma kan kombinerast med hospitering hos ein arbeidsgivar i det ordinære arbeidslivet.

BYRG kan hjelpe di bedrift med:

- Produktutvikling
- Produksjonsoppdrag
- Industrisøm
- Pakking og montering
- Transport- og flytteoppdrag
- Utleige av kurs- og selskapslokale
- Hage- og utearbeid
- Eigenproduksjon av utemøblar, søppeldunkar, blomsterkassar, eplemost m.m.

Arbeidsførebuande trening (AFT)

Dette er eit tiltak BYRG leverer på vegner av NAV. BYRG bistår personar som av ulike årsaker treng støtte til å kome inn/tilbake i ordinært arbeid. Alle som deltek på AFT har som mål å kome over i ordinært arbeidsliv og fungere som ein ordinær arbeidstakar.

For ei bedrift kan det å tilsette feil person vere økonomisk belastande og ressurskrevjande. Eit samarbeid med BYRG kan sikre di bedrift rett person med rett kompetanse, og di bedrift får moglegheita til å bli kjend med personen før ei eventuell tilsetjing. Ynskjer di bedrift å bidra med sosial berekraft?

Bli vår nye kunde

Du finn våre oppdragsgivarar over heile landet. Fleire av dei er relatert til den internasjonale møbelindustrien, der vi blant anna utfører delproduksjon av fleire kjente møbelmodellar. Vi har også kundar frå andre viktige næringar, og no ønskjer vi å utvide både kundeporteføljen og typen oppdrag.

«Vi har hatt glede av å samarbeide med Byrg på fleire område. Vi har hatt personar inne i korte og lengre periodar som har gitt oss verdifull arbeidskraft, samt kandidatane eit viktig springbrett i vidare karriereutvikling.»

- Europrofil




Kyrkjegata 23, 6200 Stranda
post@byrgkompetanse.no
Telefon: 70 26 99 30



Foto: Dreamstime



Minnesmerke over møbelindustrien på Stranda. Foto: Sigmund Alme

VARIERT NÆRINGSLIV I STRANDA

Møbel- og mekanisk industri, plastproduksjon og bygg- og anleggssektoren er alle viktige bidragsytarar til arbeidsplassar og verdiskaping i regionen.

FRÅ MØBELHISTORIE TIL MODERNE DESIGN

Stranda har ei rik historie innan møbelproduksjon og vert ofte omtalt som vogga for møbelindustrien på Sunnmøre. Denne tradisjonen held fram i dag med to store og velrenommerte bedrifter.

Slettvoll Møbler AS er kjend for sitt eksklusive design og høge kvalitet, og produserer møblar både for den norske marknaden og for eksport til internasjonale kundar. Langlo AS, på si side, spesialiserer seg på produksjon av garderobefrontar i finér, stål og aluminium, samt innreiingskomponentar for både private og profesjonelle miljø. Desse selskapa er gode døme på korleis handverkstradisjonar kan kombinerast med moderne teknologi og design.

STERK MEKANISK INDUSTRI OG PLASTPRODUKSJON

Den mekaniske industrien har òg ein viktig plass i Stranda, med fleire etablerte verksemder som har bygd opp spesialkompetanse innan metallbearbeiding og tekniske løysingar.

Engeset Mekaniske Verksted AS, Galvano AS, Stålvare AS, Stranda Ventilasjon AS og Stranda Stålindustri AS er mellom dei sentrale aktørane som leverer produkt og tenester til både lokalt næringsliv og større industrikundar i inn- og utland.

Innan plastproduksjon finn vi bedrifter som Formvac AS på Hellesylt og Rempro AS i Liabygda. Desse selskapa produserer plastkomponentar og spesielløysingar for ulike bransjar, frå industri til forbrukarprodukt.

SOLID ENTREPRENØRBRANSJE MED LOKAL FORANKRING

Bygg- og anleggssektoren i Stranda er representert av fleire velkjende entreprenørverksemder som har sett sitt preg på utviklinga av både bustader, næringsbygg og infrastruktur i regionen. Blant dei største aktørane finn vi PEAB Nordang AS, Opshaug AS, Ous & Emdal AS, HT Bygg AS og Stranda Anleggsservice AS.

Desse selskapa tilbyr tenester innan alt frå grunnarbeid og anlegg til større byggeprosjekt, og har medverka til å utvikle Stranda og nærområda til det dei er i dag.

Norskproduserte rister & spjeld



STRANDA
VENTILASJON




post@stravent.no

www.stravent.no

Med eit sterkt næringsliv som kombinerer tradisjon, innovasjon og internasjonal marknadstilpassing, står Stranda som eit viktig knutepunkt for fleire bransjar.

Kommunen har ikkje berre ein stolt historie, men òg ein spennande framtid med vekst og utvikling i fleire sektorar.

PEAB

K. NORDANG

www.nordang.no | firmapost@nordang.no | 70 26 85 85



RENEX leverer tjenestene renhold, næringsmiddelrenhold, spesialrenhold, vaskeri-service, vaktmestertjeneste, hotelrenhold, kantine- og riggdrift.



www.renex.no



TUSSA



Frå foss til framtid

All kraft frå Tussa er fornybar

Tussa er eit leiande energi- og teknologikonsern på Nordvestlandet. Vi produserer fornybar energi frå 29 vasskraftverk, byggjer og driftar digital infrastruktur, tilbyr IT-tenester og er ein stor elektroentreprenør.

Tussa – med kraft til å skape
framtidsette og miljøvennlege
løysingar

tussa.no



BARN OG UNGE I SENTRUM

GODE OPP- VEKSTVILKÅR OG EIT VARIERT SKULETILBOD

I Stranda kommune får barn og unge ein trygg og god oppvekst.

Med barnehagar og skular i alle bygdelag, skulefritidsordning og eit breitt vidaregåande tilbod, legg vi til rette for læring, trivsel og utvikling – frå barnehage til vidare utdanning.



Frukost etter overnatting i snøhole ved Jolgrøhornet.
Foto: Einar Lied.



EIN TRYGG OG UTVIKLANDE START

I Stranda kommune har vi seks barnehagar med god dekning, og alle barn med rett til plass får oppfylt denne. Barnehagane tilbyr opphaldstider frå 60 til 100 %, slik at familiene kan finne ei løysing som passar deira behov. Brukarundersøkingar viser at innbyggjarane er godt nøgde med barnehagetilbodet, som legg til rette for leik, læring og sosial utvikling i trygge omgjevnader.

EIT VARIERT OG INKLUDERANDE SKULETILBOD

Stranda har fire grunnskular, alle med tilbod om skulefritidsordning (SFO) for dei yngste elevane. Skulane varierer i storleik, frå fådelte klassar til fulldelte klassetrinn med to parallellar. Uavhengig av storleik har alle skulane fokus på trivsel, meistring og læring. Engasjerte lærarar set elevane si utvikling i sentrum og jobbar aktivt for å skape eit trygt og motiverande læringsmiljø.



Stranda
vidaregåande skule
naturlegvis

- rom for alle og blick for den enkelte

www.stranda.vgs.no






Foto: Thomas Hagen

STRANDA VIDAREGÅANDE SKULE

Stranda vidaregåande skule har om lag 30 tilsette og 150 elevar fordelt på fire utdanningsprogram: helse- og oppvekstfag, naturbruk, idrettsfag og studiespesialisering.

For yrkesfaglege elevar er opplæringa tett knytt til næringslivet i regionen, der elevane har arbeidspraksis ein til to dagar i veka gjennom nesten heile skuleåret. Skulen tilbyr òg toppidrettstilbod innan fleire idrettar.

Studiespesialisierende elevar kan velje fordjuping innan realfag, språk, samfunnsfag eller økonomi. Alle elevar har òg høve til å delta i skulen sitt internasjonale utvekslingsprogram.

VESTBORG VIDAREGÅANDE SKULE

Vestborg vidaregåande skule er ein privat vidaregåande skule med internat, der om lag 90 elevar frå heile landet, særleg Møre og Romsdal og Nordfjord, bur og studerer saman.

Skulen tilbyr studieretningar med spesialisering innan realfag, språk, samfunnsfag og økonomi, samt idrettsfag og påbygging til generell studiekompetanse. Med eit inkluderande miljø og eit fagleg sterkt tilbod, legg Vestborg til rette for god læring og eit sosialt fellesskap der elevane bur tett saman gjennom skuleåret.

HELSE OG OMSORG

OMSORG FOR HEILE MENNESKET

Stranda kommune har eit godt utbygd pleie- og omsorgstilbod gjennom heimebaserte, heildøgns omsorgstenester og institusjonstilbod.

Legesenteret er plassert midt i Stranda sentrum, og lokalisert saman med helsestasjon, habilitering/rehabilitering, og er nært knytt opp mot NAV og eining for barn, familie og meistring.

Stranda kommune er oppteken av at helse- og omsorgsavdelingane skal leggje til rette for at innbyggjarane får eit godt tilbod som gjer at dei kan bu lengst mogleg i eigen heim. Helse- og omsorgstilbodet er utbygd i alle bygdelaga, og vi har tilsette med høg kompetanse som arbeider godt saman i eit tverrfagleg miljø.

BYRG Kompetanse AS er ei bedrift som arbeider med menneske som i periodar eller permanent har behov for ein tilrettelagt arbeidsplass eller trening og rådgjeving for auka funksjonsevne. Nokre av prosjekta deira er attføringsrelaterte medan andre er reine rettleings- og støtteordningar. Tilretteleggingsarbeidet er i utgangspunktet eit samarbeid mellom NAV og kommunane Stranda, Sykkylven og Fjord. Bedrifta tilbyr også tenester på andre område i desse kommunane.

Den viktigaste oppgåve er å bidra til å utvikle menneske og byggje sjølvtilit som gir auka livskvalitet for den einskilde.

Hent inspirasjon frå heimesida: www.byrgkompetanse.no



Kaffistund. Foto: Sunnylven omsorgssenter



IDRETT OG KULTUR

EIT AKTIVT ORGANISASJONS- OG IDRETTSLIV FOR ALLE

Det lett å finne ein aktivitet som passar – enten du vil drive med idrett, musikk eller engasjere deg i frivillig arbeid. Med eit breitt spekter av idrettsanlegg, aktive lag og foreiningar og eit sterkt fellesskap, er det rom for både breiddeidrett, kultur og sosialt engasjement i alle bygdelag.

FRIVILLIG ENGASJEMENT I ALLE BYGDELAG

Stranda kommune har eit rikt og mangfaldig frivillig lags- og organisasjonsliv. Her finn du engasjerte innbyggjarar i alle aldrar, anten det er i idrettslag, barnelag, ungdomslag, pensjonistlag, helselag, husflidslag, LHL eller Raudekrossen. Det sterke fellesskapet og den store breidda av organisasjonar gir gode moglegheiter for å delta i aktivitetar og bidra til lokalsamfunnet.

IDRETTSANLEGG FOR STORE OG SMÅ

Kommunen har lagt til rette for eit variert idrettstilbod med fleire anlegg spreidde rundt i bygdene. Her finn du grasbaner, grusbanner, ballbingar, sandvolleyballbaner, terrengsykkelbane, løpebaner og friidrettsanlegg. I Stranda tettstad og på Hellesylt er det også moderne kunstgrasbaner. For golfinteresserte finst det ei 9-hols golfbane i Strandadalen (Overvoll).

Strandahallen, som ligg ved ungdomsskulen i Stranda tettstad, er ein viktig treningsarena, spesielt for handballmiljøet. I tillegg har alle skulane i kommunen gymnastikksalar, og barneskulan på Stranda har symjebasseng – noko som er til stor glede, særleg for dei yngste. Ballbingar finst både i Geiranger, Stranda, Liabygda og på Hellesylt.

FLEIRBRUKSANLEGG OG SKYTEBANER

Hytteholia i Langedalen på Hellesylt er eit moderne fleirbruksanlegg med lysløype, skytebane og skiskyttaranlegg, og er eit viktig samlingspunkt for både trening og konkurransar. Det er et felles skytebaneanlegg mellom Sykkylven og Stranda, og en egen skytebane i Liabygda.

KOR OG MUSIKK – EIT LEVANDE KULTURLIV

Stranda har òg eit aktivt musikkmiljø, der fleire kor bidreg til fellesskap og kulturelle opplevingar.

«Kor Løye» er eit damekor for songglade mellom 18 og 60 år, som omtalar seg sjølv som Indre Sunnmøre sitt mest sjarmerande damekor. Dei øver kvar torsdag på musikkrommet på Ringstad skule og jobbar målmedvite mot to store arrangement i året. På hausten, når jula nærmar seg, held koret konsert i samarbeid med lokale musikarar. I palmehelga set dei opp sin eigen kabaret med flott song, humor og engasjerande skodespel – alt dette i Storfjord kulturhus, Stranda si eiga storstove.

For dei mannlege songglade finst herrekoret «Kor Nøye», som vidarefører den same musikkgleda i eit inkluderande miljø med humor og høg takhøgde.



Foto: Thomas Hagen



Foto: Malmo Fotografi



Strandaquiz'n. Foto: Sigurd Drege



Foto: Jon Ottar Runde

UT I NATUREN


MELLOM FJELL OG FJORD

I Stranda kommune ventar store naturopplevingar, anten du vil utforske fjordlandskapet frå kajakk, ta ein topptur, sykle gjennom spektakulære dalføre eller stå på ski i laussnø.

Friluftslivet byr på aktivitetar året rundt, med alt frå toppturar og fjordvandring til bading, båtliv og frikøyring i eitt av Noregs beste skisenter.



Foto: Einar Lied



Utsyn over Storfjorden frå Strandafjellet.

EIT ELDORADO FOR FRILUFTSLIV

Stranda har eit rikt utval av aktivitetar for dei som ønskjer å utforske naturen, både sommar og vinter. Her kan du nyte ski, sykling, vandring, toppturar, kajakk, bade- og båtliv, og uansett årstid finn du spektakulære naturopplevingar i heile kommunen.

SKISPORT OG SYKLING I VERDSKLASSE

Strandafjellet skisenter er blant dei beste på Nordvestlandet og er kjent for sine gode forhold for laussnøkøyring. Det moderne skisenteret har både stolheis og gondol og er ope både sommar og vinter. Om vinteren er det eit av dei fremste frikøyringsområda i Noreg, medan anlegget om sommaren byr på moglegheiter for bruk av sykkel.



BONSEYE
- WITH AN EYE FOR QUALITY -

Explore the beautiful Geirangerfjord
on an exciting boat trip!

📍 Maråkevegen 49, 6216 Geiranger

✉️ post@bonseye.no

🏠 www.bonseye.no



Motiv frå Roaldshorn m/paviljongen og gondolar, utsikt mot Stranda og innerter fjorden. Foto: Svein Lunde.

Motiv frå Ljøbrekka mot Strandadalen. Foto: Svein Lunde

FJELLTURAR OG HISTORISKE STIAR

For dei som likar fjellturar, byr Stranda på varierte ruter – frå enkle fjordnære turar til meir krevjande toppturar. Lievarden, ein tur som startar ved Noregs største geitegard Liene, er eit lett tilgjengeleg og spektakulært turmål. Den trondhjemske postvegen, mellom Ljøen og Herdalen, er ei historisk rute som er sett i god stand og byr på ei spennande vandringsoppleving.

Mange av fjellgardane i kommunen er lett tilgjengelege frå fjorden og gir eit innblikk i den gamle fjordkulturen. Norangsdalen, omgitt av majestetiske fjell som Slogen, Smørskredtindane og Kvitegga, er eit flott utgangspunkt for sykling. Ei anna populær sykkelrute er Flofjellvegen, som går mellom Vollset (Hellesylt) og Stryn.

BADING OG FJORDLIV

For dei som vil nyte fjorden, har Hellesylt ei flott badestrand med eit historisk ti meter høgt stupetårn. Hellesylt badehus, kåra til Stranda kommune sitt kulturminne i 1997, er eit særmerkt bygg og eit populært samlingspunkt. På Stranda finn ein Helsemvika-friluftsområde/ bade plass.

UTFORSK FJELLA MED GODE KART OG BØKER

For fjellvandrarar er Stranda eit eldorado, med både korte og lange turar merka på turkart og skildra i fleire turguidar og bøker. Uansett om du er nybyrjar eller erfaren fjellvandrar, finn du eit rikt utval av turar der du kan oppleve det ville og alpine fjordlandskapet.



Sparebanken
Møre

Vi bidrar til at våre næringslivskundar lykkast

Sjå alt vi kan hjelpe deg og di bedrift med


[Les mer her](#)

EIT LEVANDE REISELIV

OPPLEV STRANDA — ÅRET RUNDT

Kommunen har kvart år ei rekkje besøkande som kjem sjøvegen med Hurtigruten til Geiranger.

Det er og omfattande cruisetrafikk til Geiranger og Hellesylt, med djupvasskaia som møter dagens behov.





Hellesyltfossen. Foto: Dreamstime



Stranda kyrkje. Foto: Svein Lunde


I Stranda har reiselivsbedrifter lange tradisjonar, og mange av dei har internasjonalt renommé.

Mellom desse finn du Hotel Union AS, Hotel Utsikten AS, Geiranger Hotel AS, Grande Fjord Hotel AS, Dreges Hotel og Villa Norangdal, som alle står klare til å gi deg som besøkande ei god oppleving, anten du blir ei natt eller stoppar her for ein lengre ferie.

Blant andre opplevingar finn du den nasjonale turistvegen frå Geiranger til Trollstigen. Den slyngjer seg i stupbratte fjell og gir ein litt meir dramatisk tur enn dei fleste er vane med.



Geiranger. Foto: Thomas Hagen



Hotel Union Geiranger

Hotel Union Geiranger ligg midt i hjartet av Geiranger, omkransa av ville fossefall og majestetiske fjelltoppar. Eit førsteklasses familieeigd hotell. Hotellet har ei moderne kurs- og konferanseavdeling og eiga spaavdeling.

Det opphavlege hotellet blei oppført i 1891 og har seinare blitt utvida og ombygd fleire gonger. I dag er det eit moderne resort hotell med 197 rom – mellom anna 17 suitar – og dessutan fleire restaurantar og barar, veteranbilutstilling, bade- og spaavdeling med basseng ute og inne, og stor konferanseavdeling. Naturen utanfor hotellet er storslått, sommar som vinter - og byr mellom anna på mange flotte turar langs merka stiar, fjordcruise under fossefalla og utflukter til dei gamle fjordgardane.

GEIRANGERFJORDEN

EI VERDSARV Å VERNE OM

Geirangerfjorden er ein del av UNESCO si verdsarvliste og eit unikt natur- og kulturlandskap.

Stranda kommune har eit viktig ansvar for å ta vare på fjorden og bidreg aktivt til ei berekraftig forvaltning i samarbeid med Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

EIT UNIKT NATUR- OG KULTURLANDSKAP

Vestnorsk fjordlandskap, med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden, vart oppført på UNESCO si verdsarvliste 14. juli 2005. Dette vedtaket byggjer på dei unike naturkvalitetane i fjordlandskapet, der geologi, klima og spektakulær natur skaper eit landskap av internasjonal verdi.

Geirangerfjordområdet omfattar Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, naturreservata Kallskaret og

STIFTINGA GEIRANGERFJORDEN VERDSARV HAR FLEIRE SENTRALE OPPGÅVER:


- Formidling av naturarven i Vestnorsk Fjordlandskap
- Samarbeid for ei berekraftig og grøn utvikling
- Bevaring av kulturminne gjennom restaureringsprosjekt
- Kompetansebygging kring verdsarvverdiane
- Tilrettelegging for vitskapleg forskning i området

Hyskjett, bygda Geiranger og fjordane Geirangerfjorden, Sunnlyvsfjorden og Norddalsfjorden.

Som ein del av UNESCO-vedtaket har Noreg forplikta seg til å ta vare på området for framtidige generasjonar. Stranda kommune medverkar aktivt til forvaltninga av denne verdfulle verdsarven.

STIFTINGA GEIRANGERFJORDEN VERDSARV

For å sikre ei berekraftig utvikling og vern av fjordlandskapet vart Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv etablert av kommunane Fjord og Stranda, i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune.



Geirangerfjorden. Foto: Thomas Hagen

SeaWalk™

Den miljøvennlige flytende cruise-kaien i UNESCO vernede Geiranger

www.seawalk.no

SeaWalk™



Geirangerfjorden er omgitt av bratte fjell, majestetiske fossefall og frodige daler. Landskapet har blitt skapt av isbreer gjennom tusenvis av år, er på UNESCO sin verdensarvliste.

I 12 sesonger har SeaWalk™ flytende kaianlegg tatt imot cruiseskip som seiler innover fjorden til Geiranger. SeaWalk™ gir passasjerene friheten til å gå i land og ombord når de selv ønsker, uten å måtte vente i lange køer for tenderbåter som ellers pendler mellom skip og land.

SeaWalk™ er en innovativ, miljøvennlig cruise-kai som strekker seg ca. 110 meter ut i Geirangerfjorden og forbereder det fortøyde cruiseskipet med land. Broen er konstruert av slitesterkt materiale og tåler vær og vind. Den har minimal innvirkning på miljøet da hele konstruksjonen er flytende og ikke berører havbunnen.

SeaWalk™ er tilgjengelig for alle passasjerer, inkludert rullestolbrukere. Den brede broen (ca. 4,2 meter) muliggjør komfortabel passasje i begge retninger, uavhengig av alder eller fysisk form. Dette gjør at alle passasjerer kan nyte en behagelig og problemfri tur til og fra skipet.

Miljøvennlighet var den primære drivkraften bak investeringen i SeaWalk Geiranger AS. Det beregnes en reduksjon av CO2 med opptil 90 tonn per cruiseskip som bruker SeaWalk™ løsningen.

Både passasjerer og mannskap uttrykker stor tilfredshet med SeaWalk™ sin operative ytelse. Den raske og effektive avstigningsprosessen har resultert i kortere ventetid for passasjerene, noe som gir dem mer tid i land som igjen fører til tidligere utflukter. Dette har også blitt møtt med positiv respons fra turoperatører.





Stranda
kommune

Besøksadresse: Øynasenteret
Postadresse: Øyna 13, 6200 Stranda
Telefon 70 26 80 00
post@stranda.kommune.no

WWW.STRANDA.KOMMUNE.NO

